

Advokatkontoret Fløien AS
Hallvar Reksten Husebø
Postboks 225 Sentrum
5804 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6818 - 21/18989

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
18.03.2021

Avslutta sak om mogleg ulovleg tilfelle - gbnr 336/11 og 121 Ådland nordre

Tiltak: ulovleg forhold
Byggjestad: Gbnr: 336/121 Ådland nordre
Tiltakshavar: Bjørn Anders Myrtvedt

Det vert vist til brev av 15.10.20 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til oppført konstruksjon.

Kommunen var på synfaring på staden den 10.03.21 for å få eit bilete av situasjonen på staden og fastslå kva det påståtte ulovlege tilfellet gjeld.






Foto frå synfaring (delar av brygga er fjerna i forhold til flyfoto frå 2000)

Utfrå kartutsnitt ser det ut til at den omtvista konstruksjonen ligg plassert på gbnr 336/112 og delvis over på 336/11. På synfaringa kom det fram at det er uenighet om grenser og rettar til bruk av det aktuelle arealet. Kommunen har ikkje mynde til å vurdere dei privatrettslege tilhøva på staden og vil difor berre ta stilling til om tiltaket er lovleg eller ikkje. Dei privatrettslege spørsmåla som gjeld eigedomsgrense og rett til bruk av det aktuelle arealet på 336/121 tek kommunen ikkje stilling til.

Utifrå flyfoto må konstruksjonen være oppført ein stad mellom 1966 og 2000. Basert på konstruksjonen og kvaliteten på denne, framstår det som sannsynleg at det er snakk om ein konstruksjon av vesentlig alder. Kommunen finn det sannsynleg at brygga vart oppført på eit tidspunkt då konstruksjonen ikkje var søknadspiktig, men meldepliktig. For konstruksjonar av ein slik alder som kommunen vurderer den å være, vil det være vanskeleg å påvise om forholdet er innmeldt til kommunen eller ikkje.

Konklusjon

Kommune har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova.

På bakgrunn av innhenta informasjon og synfaring på staden vurderer kommunen at det aktuelle tilfellet anten er etablert lovleg eller at det er snakk om eit mindre alvorleg tilfelle som kommunen kan velje å avstå frå å forfølge som ulovleg tilfelle.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Advokatkontoret Fløien AS
Arvid Daae Odland
Bjørn Anders Myrtvedt

Postboks 225 Sentrum
Løypetona 36
Salhusvingen 3 D

5804 BERGEN
5918 FREKHAUG
5107 SALHUS